

Frå Alver pedagogiske støtteining.

På side 5 i planprogrammet står det følgande: Barnehagane og skulane i Alver kommune skal ha gode og likeverdige tilbod som fremjar helse, trivsel og utvikling for den einskilde og medverkar til berekraftige og attraktive nærmiljø. Barnehagane skal arbeide kontinuerleg for å fremje helsa, trivselen, leiken og læringa til barna. Skulane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane. Planarbeidet skal bidra til ei oppdatert oversikt over dei kommunale barnehage- og skuleanlegga i kommunen, ei utgreiing av kva endringar som bør gjerast, og vurdering av kva konsekvensar desse endringane vil gje. Anlegga skal vere gode læringsmiljø for barn og elevar **og fungere tilfredsstillande som arbeidsplass for tilsette**, samt vere ein arena for frivillige organisasjonar og møteplassar for nærmiljøet.

Vi reagerer på ordlyden i utheva farga tekst, her er forslaget at det heller kan stå: og ha eit godt arbeidsmiljø for tilsette.

Framlegg til «Planprogram Barnehage og skulebruksplan» Ver_1 25052023

Hovudoppgaver i planprosessen, punkt 7. side 9 i dokumentet, tenker vi er særdeles viktig at det vert jobba grundig med, særleg med tanke på dei mest sårbare borna og elevane, og omsynet ein må ta når det gjeld god tilrettelegging og universell utforming som fremmer inkludering og eit godt læringsmiljø i dei ulike barnehagar og skular.

Punkt 7. Tilråding med alternative løysingar for framtidig struktur barnehage og skule, med

- o Ulike løysingar
- o Kostnadsvurdering
- o Kvalitetsvurdering
- o Risiko- og sårbarheitsanalyse
- o Konsekvensvurdering inkludert skildring av samfunnsmessige konsekvensar

Det skal vere eit særleg fokus på medverknad frå barn og unge står det øverst på side 11 i planprogrammet. Då vil vi påpeike viktigheita av at stemmene til dei mest sårbare borna og elevane vert høyrte, og at det er viktig å ha med talspersonar som kan fremje og tale deira sak der dei ikkje har forutsetningar for å tale eiga sak.

Mvh Alver pedagogiske støtteining for barnehagar.

